



Til foreldre/føresette med elevar ved Luster ungdomsskule

Informasjon i høve trekk i fråvær

Ber om at de som føresette les gjennom aktuelle reglar, sjå nedanfor, og sender skriftleg søknad om fråtrekk innan 31. mai 2013. Ber om at de nyttar vedlagt skjema.

Heile dagar:

- Det totale fråværet f.o.m. 8.klasse vert ført på avgangsvitnemålet.
- Det er høve til å trekka frå 10 dagar i løpet av eit opplæringsår etter søknad frå foreldre.
- Ein kan krevja trekk for dokumentert fråvær som skuldast helsegrunnar. Fråvær som skuldast helsegrunnar må vara meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast.
- Dersom fråvær skuldast funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråværet strykast frå og med første fråværsdag.
- Ein kan òg søkja om fråtrekk der rektor/kontaktlærer har gitt løyve til permisjon etter opplæringslova § 2-11.

Einskildtimar:

- Det vert ikkje gjeve fråtrekk for einskildtimar. Likevel vil skulen praktisera følgjande unntak:
 1. Innkalling til skuletannlege vert ikkje registrert som fråvær.
 2. Tinga time hos doktor vert heller ikkje registrert.
 3. Innkalling til møte i kommunen og skulen sin regi, skal heller ikkje førast.
- Foreldre eller elev kan krevja at dokumentert fråværsgrunn vert ført på vedlegg til vitnemål.

Gaupne 23.mai 2013

Odd Bukve
Rektor